

# Blandakoret Vivace

## Vedtekter og permisjons reglement

Sist revisjon 06.02.2023

### § 1

#### Organisasjon.

- 1.1 Blandakoret Vivace, stifta januar 1980, er partipolitisk og religiøst nøytralt.
- 1.2 Koret er tilslutta Norges korforbund og Norges korforbund Rogaland.

### § 2

#### Målsetting

##### 2.1 MUSIKALSK

Koret har som målsetting:

- a. å utvikla kormedlemmene til å verta dyktige songarar ut frå dei einskilde medlemmene sine evner og anlegg. Medlemmene får då ein meningsfull og stimulerande fritidsaktivitet.
- b. å ha eit allsidig repertoar
- c. å arbeida mot eit høgt musikalsk nivå i koret

##### 2.2 SOSIALT

Koret har som målsetting:

- a. å utvikla enkeltmedlemmene sitt ansvar for koret
- b. å utvikla kormiljøet slik at alle kjenner samkjensle,
- c. å skapa tryggleik og trivsel

##### 2.3 OPPGÅVER

Koret si målsetting kan oppnåast ved:

- a. faste øvingar
- b. helgeseminar
- c. konsertar (eigne konsertar/gjesteopptreden)
- d. turnear (i inn- og utland)
- e. sosiale tilstellingar
- f. å ha eit best mogeleg musikalsk/sosialt miljø for å sikra ei jamn rekruttering.

### § 3

#### Medlemskap

##### 3.1 Opptak av medlemmer.

- a. Alle med lyst og interesse for sang kan takast opp som medlem.
- b. Dersom dirigenten ønskjer det, må den som søker medlemskap avleggja stemmeprøve. Den einskilde korist har ansvar for å slutta i koret den dagen ein ikkje lenger kan bidra til å oppretthalda den musikalske kvaliteten i koret. Likeeins kan styret i samråd med dirigent be koristar om å slutta ut frå musikalske eller andre grunnar.
- c. Minstealder for opptak er 18 år.
- d. Medlemskapet gjeld frå dato for opptak.
- e. Søknad om medlemskap vert avgjort av styret i samråd med dirigenten.

- 3.2 Medlemmene sine plikter er:
- a. arbeida for å nå koret sine mål
  - b. følgja koret sine vedtekter
  - c. retta seg etter dei vedtak som vert gjort
  - d. møta opp til alle øvingar og arrangement dersom mogeleg
  - e. melda fråvær til korets dirigent, styreleiar eller den som koret oppnevner til dette.
  - f. betala medlemskontingenten innan fastsett frist
  - g. gi skriftleg melding til korets styre dersom ein ønskjer permisjon eller ønskjer å melda seg ut av koret.
  - h. Alle medlemmene pliktar å vera aktive i organisasjonsarbeidet og kan veljast til alle tillitsverv. Ingen kan nekta å stilla til val utan rimeleg grunn.
  - i. Styret kan, i samråd med dirigenten avgrensa talet på medlemmer i koret. Dette skjer ved at ein ikkje tek opp nye medlemmar.
  - j. Medlemmene er solidarisk ansvarlege for dei forplikingane koret får etter lovleg fatta vedtak i styret, årsmøtet eller medlemsmøter.

## § 4

### Årsmøte

- 4.1 Årsmøte er koret sitt høgaste styringsorgan. Årsmøtet skal haldast kvart år i januar/februar.
- 4.2 Innkalling og reglar for å kunne gjera vedtak.
- a. Årsmøtet trer saman etter skriftleg innkalling frå styret med minst 8 vekers varsel.
  - b. Saksliste skal følgja innkalling.
  - c. Saker som ein ønskjer å handsama på årsmøtet, skal vera skriftleg og grunngi kvifor ein tek opp saka. Saka må vera styret i hende seinast 4 veker før årsmøtet.
  - d. Seinast 1 veke før årsmøtet skal styret senda ut årsmelding, rekneskap, forslag til budsjett, valgkomiteen si innstilling og andre dokument og innstillingar som gjeld saker som er sett fram på vedtektsbestemt måte.
  - e. Ekstraordinært årsmøte skal innkallast med minst 4 vekers varsel når eit fleirtal i styret eller minst 1/4 av medlemmene ber om det. Saksliste og saksdokumenter skal følgja innkalling.
  - f. Så vel ordinært som ekstraordinært årsmøte kan gjera vedtak når møtet er lovleg innkalt.
  - g. Alle kormedlemmer som har betalt kontingent har møterett og stemmerett på årsmøtet.
- 4.3 Saksliste til årsmøtet skal alltid innehalda:
- a. Val av møteleiar
  - b. Val av to referentar, to til signatur av møteprotokoll og tre til teljekorps.
  - c. Godkjenning av innkalling
  - d. Godkjenning av saksliste
  - e. Godkjenning av Årsmelding
  - f. Godkjenning av rekneskap
  - g. Innkomne saker
  - h. Fastsetjing av kontingent
  - i. Fastsetjing av Budsjett
  - j. Val

- 4.4 Årsmøtet skal velja følgjande:
- Leiar (ved særskilt val) for 1 år
  - 2 (- 3) medlemmar til styret for 2 år (partall 2 medlemmer, oddetall 3 medlemmer)**
  - 2 varamedlemmar for 1 år

Styremedlemmar og medlemmar til andre verv skal spørjast om å bli valde til spesifikke verv .  
Andre verv er:

- leiar for musikkgruppa for 2 år
- noteforvaltar for 1 år
- 1 revisor**
- valkomité (sjå § 7)

- 4.5 Årsmøtet kan også oppnemne særutval og fastsetje mandat for desse.
- Val og avstemming på årsmøtet skal vera skriftleg dersom det vert krevd.  
Sakene kan avgjerast med simpelt fleirtal, dersom ikkje anna er vedteke i vedtektene.  
I tilfelle like mange røyster nyttar ein loddtrekning.

## § 5 Styret

5.1 Styret består av:

- Leiar
- Nestleiar
- Sekretær
- Kasserar
- Styremedlem
- f. Arrangementsleiar**

5.2. Dirigenten og 1. varamedlem skal innkallast til alle styremøter. Dei møter med tale- og forslagsrett, ikkje stemmerett. Varamedlem får stemmerett dersom eit ordinært medlem av styret ikkje møter eller melder seg ugild i ei sak.

5.3 Styret kan velja sin representant som skal møta i musikkgruppa.

5.4 Det skal kallast inn til styremøte når leiaren eller når minst 2 av styret sine medlemmar finn det naudsynt.

5.5 Styret kan fatta vedtak når minst halvparten av styret sine medlemmar er til stades. Leiar eller nestleiar må vera blant desse.

5.6 Dersom leiar ikkje er til stades, kan nestleiar og 1 av styret sine medlemmar forplikta for koret med underskrift.

5.7 Styret kan kalla inn andre medlemmar, eller representantar for utval og komitear til styremøte, men desse har ikkje stemmerett.

5.8 Styret skal føra møtereferat som alle kan få lesa.  
Styret har informasjonsplikt.

## § 6 Val av songar / noter

6.1 Til å finna eigna songar og henta inn idear frå koret, er det sett ned ei musikkgruppe  
Gruppa skal bestå av følgjande;

- Leiar vald av årsmøtet
- Noteforvaltar vald av årsmøtet
- Dirigent
- Eit medlem frå kvar av stemmegruppene.
- e. Styret sin representant (sjå §5.3)**

6.2 Musikkgruppa lagar framlegg til styret, som godkjenner valet av songar.

## § 7

### Valkomite

- a. Valkomiteen er underlagt årsmøtet og vert føreslegen og vald av årsmøtet.
- b. Valkomiteen er sett saman av tre medlemmar. Det skal veljast eit nytt medlem kvart år med tre års funksjonstid. Fyrste året skal det veljast 1 for eit år, 1 for to år og 1 for tre år, slik at ein oppnår å få til ei rullering. Det skal og veljast eit nytt varamedlem kvart år.
- c. Valkomiteen si oppgåve er å koma med forslag på kandidatar til alle val, men skal ikkje føreslå kandidatar til valkomite.
- d. Styret skal i god tid (minst to mnd.) gjera valkomiteen kjend med tidspunkt for årsmøtet.

## § 8

### Konsertar / arrangement / turar

- a. Styret oppnemner komitear som arbeider etter fastsett mandat.
- b. Program og planar for konsertar, arrangement og turar skal godkjennast av styret,
- c. Styret skal og godkjenna budsjetta for desse.

## § 9

### Økonomi

- a. Økonomien i koret vert basert på medlemskontingenten som vert fastsett av årsmøtet.
- b. Styret skal kombinera/planleggje aktivitet/konsertar for å tena pengar som skal subsidiera medlemmene ved reiser og liknande.
- c. I tillegg til kontingent kan styret i spesielle høve krevja inn ekstra kontingent av alle medlemmar.
- d. Medlemmar av koret har plikt til å betala den fastsette kontingenten til han/ho seier opp medlemskapen.
- e. Årskontingenten vert delt i to og skal betalast innan fastsatt frist ved kvart semester.
- f. Nye medlemmar som vert tekne opp i koret i semesteret, betaler halv kontingent.
- g. Kormedlem som er innvilga permisjon før nytt semester, skal betala ein passiv kontingent på 50 % av ordinær kontingent per semester. Dersom permisjon vert søkt i eit semester, skal full kontingent betalast for dette halvåret.
- h. Styret skal årleg vurdere om det er rom for at ein del av overskotet frå eitt arrangement skal gå til velgjerande føremål. Medlemmane kan koma med forslag til føremål som må legkast fram 4 veker før kvart årsmøte.

## § 10

### Oppløysing

- a. Berre ordinært eller ekstraordinært årsmøte kan avgjera å oppløyse koret, og då med 2/3 fleirtal av dei framøtte.
- b. Dersom det vert vedteke at koret skal oppløysast, skal ein velja eit styre på 3 personar til å ta seg av avviklinga. Dette styret skal sørge for at korets aktiva går til formål som er i tråd med korets målsetjing.

## § 11

### Vedtektsending

- a. Berre årsmøtet eller ekstraordinært årsmøte kan endra desse vedtektene, og då med 2/3 fleirtal av dei framøtte.

- b. Forslag om endring av vedtektene skal vera skriftleg. Styret skal ha forslaga seinast 1 månad før årsmøtet. Styret plikter å vurdera om forslaga får innverknad for andre paragrafar.

## **Permisjonsreglement**

- Hovudregelen tilseier at ein må ha minimum 1 års medlemstid før ein kan søkja om permisjon.
- Permisjonssøknader skal vera skriftlege og retta til styret. Dei skal innehalda opplysningar om varigheit.
- Permisjon kan verta innvilga for maksimum 2 semester samanhengande.
- Oppstart etter endt permisjon skal avtalast med styret i samråd med dirigent.
- Dersom ein ikkje møter til øving etter endt permisjon, går styret ut frå at vedkomande har slutta. Koret sine egedelar skal då straks leverast inn.
- Dersom eit medlem på førehand veit at han/ho vert borte frå øving 3 eller fleire gonger samanhengande, skal ein søkje om permisjon.
- Etter fråvær 4 gonger samanhengande, utan å gi beskjed om dette eller utan å levera inn permisjonssøknad, går ein ut frå at medlemmet har slutta.